



Møteprotokoll for Formannskapet

Møtedato: 19.03.2014
Møtestad: formannskapssalen
Møtetid: 15:35 - 17:55

Møtet vart styrt av ordførar Nils Marton Aadland.

Medlemmene var innkalla i skriv d. 12.03.14 og møtet vart kunngjort i pressa 05.02.14 og 12.03.14.

Møtedeltakarar	Parti	Rolle
Nils Marton Aadland	H	Ordførar
Marit Samnøy Jøssang	KRF	Medlem
Henriette Fennelly	Frp	Varamedlem
Ragnar Bratland	H	Varamedlem
Rolf Hansen	AP	Medlem
Sølvi Norunn Knudsen	SP	Medlem
Åshild Aamli	SAM	Medlem
Forfall meldt frå følgjande medl.	Parti	
Lars L Barstad	V	
Sigmund Larsen	FrP	

Av 7 medlemmer var 7 til stades ved handsaming av sak 20 – 29.

Følgjande frå administrasjonen møtte:

Rådmann Ingvild Hjelmtveit og personal- og organisasjons Kari Anne Iversen. Økonomisjef Per Inge Olsen møtte til sak 24 og 25. Sektorsjef teknisk Anny Bastesen møtte til sak 29.

Formannskapet hadde pause frå kl. 17:00 – 17.05.

Protokollførar: Randi Hilland

Nils Marton Aadland
ordfører

Randi Hilland
konsulent

Sakliste

Saknr	Tittel
20/2014	Godkjenning av innkalling og sakliste
21/2014	Godkjenning av møtebok
22/2014	Referatsaker
23/2014	Aktuelle saker
24/2014	Orientering av rådmannen
25/2014	Økonomisk rapportering februar 2014
26/2014	Status investeringar 2014 med budsjettjusteringar
27/2014	Kommunestruktur - vidare prosess
28/2014	Høyringsvar - Rapport frå arbeidsgruppa som har vurdert brann- og redningsvesenet si organisering og tidsbruk
29/2014	Områderegulering Frekhaug sentrum

20/2014: Godkjenning av innkalling og sakliste

Behandling:

Vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjent.

21/2014: Godkjenning av møtebok

Behandling:

Vedtak:

Møtebok frå møte 12.02.14 vert godkjent.

22/2014: Referatsaker

Behandling:

Marit Jøssang refererte skriv nr. 4 - Kirkens SOS - Søknad om driftsstøtte for 2014 og ønskte at formannskapet kunne støtte eit slikt tiltak, eller at ein tok det opp som sak på neste møte i formannskapet. Det vart peika på at kommunen får mange søknader til gode formål, og at det er vanskeleg å plukke ut eit einskild tiltak.

Ein vart einige om at det skal lagast ei oversikt over søknadar om støtte, og at ei slik oversikt vert teke med i budsjettarbeidet.

Vedtak:

Meldingane vert tekne til orientering.

23/2014: Aktuelle saker**Behandling:**

Følgjande saker vart tekne opp:

- Marit Jøssang sa at funksjonen med bokmerke må vere med i innkallinga.
- Marit Jøssang ønskte informasjon om aksjonen som er gjennomført når det gjeld hasjbruk blant unge i Meland.
Ordførar orienterte:
I gang med førebyggjande arbeid på tvers av kommunegrensene, der foreldre, barnevern og Salto er med.
Kan søkje om skjønsmidler til rusforebyggjande tiltak.
- Mjåtveit Næringspark - Ordførar orienterte frå møte med Lie-gruppen.
Ønskjer meir areal, fleire firma vil etablere seg.
- NGIR opnar sitt anlegg i mai.
- Kommuneplan - samfunnsdel skal handsamast i kommunestyret 10. april og arealdelen i formannskapet 30. april.
Prøver å få til eit temamøte som går på habilitet. Arbeider med å få på plass ein foredragshaldar.
- Nordhordlandspakken - status. Saka er til handsaming i Vegdirektoratet - tilbake til kommunane i mars/april.

Vedtak:

Formannskapet tek orienteringane til etterretning.

24/2014: Orientering av rådmannen**Behandling:**

Det vart orientert om følgjande:

- Det er kome inn nye moment i saka - Farledstiltaket Nordlig innseiling til Bergen - sluttbehandling av reguleringsplan.
Gruppeleiarane i kvart parti må tilkjenngje om dei ønskjer at saka skal opp til ny handsaming i kommunestyret.
Skriv vedk. denne saka vert å sende til gruppeleiarane med ein frist for tilbakemelding.

- Uakseptabel oppførsel frå enkelte personar når dei ikkje får den hjelpa dei har behov for. Dette går ut over dei som er i resepsjonen. Alle skal føle seg trygge på jobb. Tiltak som vert sett i verk er vedtak på utestenging i tillegg til tiltak frå lensmannskontoret.
- Earth hour 29. mars frå kl. 20:30. Oppfordring til alle innbyggjarane å sløkkje lyset 1 time frå kl. 20:30-21:30.

Vedtak:

Formannskapet tek orienteringane til etterretning.

25/2014: Økonomisk rapportering februar 2014

Behandling:

Økonomisjef Per Inge Olsen orienterte.

Vedtak:

Budsjettrapport med prognose for 2014 vert teken til vitande.

26/2014: Status investeringar 2014 med budsjettjusteringar

Behandling:

Vedtak:

Investeringsbudsjettet for 2014 vert auka med til saman kr 16.910.000,- fordelt på prosjekt og finansiert som spesifisert i tabellen over (berre prosjekt med endring er teke med).

27/2014: Kommunestruktur - vidare prosess

Behandling:

Notat frå KS - Kommunereform/kommunestruktur vart delt ut i møtet.

Avrøysting:

Framlegg til vedtak fekk 5 røyster for (2H, KrF, FrP, AP), 2 røyster mot, (SP, SAM), og er såleis vedteke.

Vedtak:

Kommunestyret tek rapportane «Nye samhandlingsformer og strukturendringar i Nordhordland» og «Nordhordland - kommunestruktur 2015 (Avgjerdsgrunnlag for val av vidare prosess - fase 2.1)» frå Telemarksforsking til orientering. Meland kommune ønskjer å vera med i den vidare prosessen med utgreiing av samanslåing (samanslåingsløpet). Prosessen vil bli tilpassa statlege signal som måtte koma i tida framover.

28/2014: Høyrings svar - Rapport frå arbeidsgruppa som har vurdert brann- og redningsvesenet si organisering og tidsbruk

Behandling:

Framlegg til tilleggspunkt frå Nils Marton Aadland, H:

Likevel vil Meland kommune delta i eit pilotforsøk for å prøve ut endå betre samarbeid på tvers av kommunegrensene.

Framlegg til tilleggspunkt frå Marit Jøssang, KrF:

Det er ikkje vurdert om denne innverknad på miljø i dette høyrings svaret.

Avrøysting:

Framlegg til vedtak med tilleggsframlegg frå Nils Marton Aadland og Marit Jøssang vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

Meland kommune sluttar seg til høyringssvaret til rapporten frå arbeidsgruppa som har vurdert brann og redningsvesenet si organisering og tidsbruk.

Likevel vil Meland kommune delta i eit pilotforsøk for å prøve ut endå betre samarbeid på tvers av kommunegrensene.

Det er ikkje vurdert om denne innverknad på miljø i dette høyringssvaret.

29/2014: Områderegulering Frekhaug sentrum**Behandling:****Vedtak:**

Meland kommunestyre godkjenner i medhald av plan- og bygningslova sin § 12-12, framlegg til områdeplan for Frekhaug sentrum, med planID 125620100004 og følgjande plandokument: Plankart datert 20.11.13 Reguleringsføresegner 20.11.2013
